

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

April 2015

Innhald i dette nummeret:

- | | |
|----------------------------------------------------------------------------|----|
| Leiaren har ordet - Randi Jåstad | 3 |
| Litt om skribentane i dette heftet - Randi Jåstad | 4 |
| Vår i vest - Ruth Lillegraven | 5 |
| Rallar, bonde og far - Torbjørn Ljones | 6 |
| Hauge-dikt om krig, med vekt på «Nyåret 1970»
- Idar Stegane | 8 |
| Intervju med Geir Netland -
dagleg leiar på Hugesenteret - Eivind Bergo | 10 |
| Olav H. Hauge og nokre planteartar ved
Stalheim, Voss - Trond Arnesen | 12 |
| Egosentriske digresjonar om Huges dagbøker
- Sverre Tusvik | 16 |
| Olav H. Hauge på tysk | 18 |
| Vedtekter for Venelaget OHH, endra på
årsmøtet i september 2014 | 19 |



GODE MEDLEM I VENELAGET OLAV H. HAUGE!

2015 starta med intensiv førebuing til tur-
n en «Kom ikkje med heile sanningi» f r-
ste veka i februar. Det var ei stor oppg ve
for oss amatørar i styret. Men det gjekk bra,
fulle hus i Bergen og i Norheimsund, noko
mindre p  Voss og i Odda, men ikkje s 
verst der heller. Programmet var sv rt godt.
Skodespelar Arnhild Litlere hadde funne
fram tekstar av Olav H. Hauge som ho er
glad i, b de dagboktekstar, brev og dikt.
Musikar Arvid Aasprang spelte saksofon,
fl yte og tromme mellom opplesingsoktene.
Vi takkar for samarbeid med Odda M llag,
Voss bibliotek og Voss lyrikklag, og sist,
men ikkje minst, Folkeakademiet og Fritt
Ord. Utan  konomisk st tte fr  dei to sist-
nemnde, hadde vi ikkje tort   ta i ferd med
eit slikt arrangement.

Sidan vi har medlemmer i heile landet, had-
de det vore kjekt   kunna laga til slike pro-
gram andre stader enn her i Hordaland. Men
n r alle i styret bur i Hordaland, ser vi oss
ikkje i stand til   arrangera noko utanfor fyl-
ket. Men om du har lyst   f  dette program-
met til bygda eller byen din, kan du kanskje
ta kontakt med Folkeakademiet eller andre
for   f  det til. Vi kan formidla kontakt med
ut varane.

Vi er glade for alle som betaler medlems-
pengane innan fristen slik at vi slepp arbeid
og utgifter med purring. Vi vil gjerne ha
epostadressa di ogs  i medlemsarkivet v rt
slik at vi i framtida ein gong kan senda ut
brev p  e-post. Men pr i dag er det berre
om lag tredjedelen av medlemmene som
har sendt inn epostadressene sine. Om du
har epostadresse, kan du senda henne til
post@venelagethauge.no. Ogs  mellom gi-
roane for 2015 har vi om lag ti innbetalingar
utan namn. Dette er synd b de for dei som

trur dei er medlemmer, og for oss i styret.
Om du kjenner nokon som seier at dei ikkje
har f tt medlemsblad, kan du sp rja om dei
har skrive namnet sitt p  giroen. Ta kontakt
med oss i styret i tilfelle du veit om ein eller
fleire (for oss) namnlause medlemmer.

Venelaget og Haugesenteret har hatt fel-
lesm te med tanke p  samarbeidsomr de.
I april skal vi ha neste m te i Ulvik, der
temaet er eit eventuelt samarbeid om ar-
rangement til hausten og poesifestivalen i
september 2016.

Vi har f tt lov til   lagra eit arkiv for Venela-
get i senteret. I arkivet vil vi samla s  man-
ge medlemshefte som mogleg i papirutg ve
slik at dei vert sikra for ettertida. Viss du har
liggjande gamle venelagshefte fr  1999 og
framover, er vi sv rt takksame dersom du
f r lov til   overta dei. Ta kontakt dersom du
ser at du kan gje vekk nokon av hefta dine.
Dei vil verta vel tekne vare p  i Ulvik.

Dersom du ikkje alt har vitja Haugesenteret,
vil vi p  det sterkaste tilr  at du tek turen.
Senteret er innhaldsrikt og interessant for
alle som er opptekne av Olav H. Hauge og
lyrikk generelt. Senteret skipar til mange ar-
rangement i v r som er verdt   f  med seg.
Meir info finn du p  *www.haugesenteret.no*.

Eng vonar du finn noko av interesse i dette
nummeret av medlemsbladet. Vi har vore
heldige   f  mange gode skribentar denne
gongen ogs . Det er vi takksame for. God
somm r snart til alle medlemmene!

Randi J st d
(leiar)

LITT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET:

Idar Stegane (*f. 1940*) er professor emeritus i nordisk litteratur frå Universitetet i Bergen og har vore oppteken av Hauge sidan studietida midt i 60-åra. Han tok magistergraden om dikta til Hauge i 1971, og avhandlinga vart boka *Olav H. Hauges dikting* frå 1974. Stegane har arbeidd vidare med Hauge sitt tekstunivers fram til no. Frå dagbøkene til Hauge går det fram at Hauge sette Stegane svært høgt, både som ven og fagperson.

Ruth Lillegraven (*f. 1978*) kjem frå Granvin, men er no busett i Bærum. I tillegg til å vera forfattar jobbar ho også i Samferdselsdepartementet. Ho har gitt ut både dikt, biletbøker og roman. Mest kjend er ho for diktsamlinga *Urd*, som ho fekk Brageprisen for i 2013. Mange vart kjende med henne på poesifestivalen i Ulvik i fjor, og no i vår er ho aktuell med framsyninga «Soga om Seselja» saman med muskarane Rannveig Djøanne og Tuva Syvertsen.

Trond Arnesen (*f. 1954*) er førsteamanuensis ved Høgskulen i Sør-Trøndelag, avd. for lærar- og tolkeutdanning (HiST-ALT). Han underviser i ulike naturfag, og han er spesielt oppteken av økologi og mangfald i naturen.

Torbjørn Ljones (*f. 1954*) er rektor på Lillehammer videregående skole. Han er oppvaksten i Ulvik, og er i Hardanger mest kjend for petitartiklane sine i avisa *Hordaland*, der han ser med humoristisk skråblikk på ulike sider ved livet. Han har også vore leiari for Venelaget Olav H. Hauge.

Sverre Tusvik (*f. 1945*) er pensjonist. Han har vore tilsett som forlagsredaktør/sjefredaktør i Samlaget frå 1976 til 2013. I nokre år var han medlem av juryen for Amboltprisen som Venelaget står for. Han har vore redaksjonelt ansvarleg for fleire bøker om og av Hauge.

Eivind Bergo (*f. 1982*) er oppvaksten i Ulvik, men bur no i Bergen der han arbeider som lærar og praksislærar på Paradis skole. Han har vore med i styret for Venelaget sidan 2012.

Randi Jåstad

VÅR I VEST

under den
opne himmelen
nede i den frie jorda
der strekkjer små grøne
fingrar seg gjennom den
mørke modermolda

mot lyset, mot lyset

til alt igjen er
så grønt, så grønt
og så kvitt, så kvitt

for snart skal
heggen bløme

syrinen skal bløme

og sjasminen skal
bløme

til og med epletrea
som ikkje lenger finst
skal bløme

alt skal bløme
så inderleg

for det er
våren som kjem

det er våren som
spenner ut vengene
der oppe

det er våren som
sprengjer seg ut
frå greinene

det er våren som
surklar og dryp
frå mønet

det er våren som
losnar i berget, som
romlar og ramlar
seg nedover

det er våren som
fyller bekkar og
elver og fjordar

det er våren
i vest

det er våren
i oss

Ruth Lillegraven

RALLAR, BONDE OG FAR

Olav Håkonson Hauge sin far, Håkon Hauge, kom frå Lærdal. Det er kjent at han var rallar og møtte Katrina Pålsson Hauge frå Hakestad i Ulvik og gifta seg med henne. Han var ikkje den einaste som vart att i bygda etter å ha forelska seg i ei jente. Anleggsarbeidet på Bergensbanen hadde mange gode ringverknader i Hardanger.

Håkon Hauge fekk skøyte på garden i Ulvik i 1904 for 4.000 kr. Etter jordskiftet i 1912 måtte han riva husa og byggja nye på staden dei kalla Brisingsbråtet. Håkon og Katrina skilde etterkvart frå ei tomt under garden der Olav H. levde store deler av livet. Staden vart kalla Rossvoll.

Håkon kom frå Haugshagen, ein husmannsplass under garden Hauge i Lærdal. Foreldra hans var Mons Ingebrigtsen Skorpeholene (1849–1926) og Anna Håkonsson Skorpeholene (1846–1933). Bygdeboka for Lærdal skriv at dei gifta seg i 1881.

Mons og Anna budde fyrst på Halabrekka. Sidan var dei på Lassegarden på Hauge og hjelpte til i fleire år. Her hadde dei to kyr og nokre sauer. Mons, altså bestefar til Olav. H., var bygningssnikkar.

Eldste farbroren til dikteren på farssida heitte Ola og var fødd i 1875. Den nest eldste vart berre 26 år og heitte Ingebrigt. Begge desse budde i Sogn.

I 1882 fekk Håkon ein bror som berre levde i seks år, og to år etter vart Per fødd. Han drog til Amerika i 1902, men kom heim att etter sju år og gifta seg og fekk tre born.

Den yngste farbroren til dikteren, Martin, var fødd i 1892. Han vart berre 18 år gammal. Martin fekk teneste på Hjeltnes Gartnarskule i 1910, men drukna då han var der. Då var Olav H. Hauge berre to år og budde på Hakestad. Olav H. Hauge hadde sjølv også ein bror som heitte Martin, han var fødd i 1904, men døde alt som 12-åring. I 1917 fekk Håkon og Katrina ein ny son som dei kalla Martin. Han vart berre to år gammal.

Det vart farbror Anders, fødd i 1888, som overtok og dreiv Haugsbakken i Lærdal. Han kjøpte denne plassen (Bnr 2) og Bnr 3 under Hauge og vart sjølveigar. Anders levde heilt til 1973.

Håkon Monsson Hauge (1872–1954) kom fyrst til Øvre Hakestad, men Olav H. skriv at dei flytta til Rossvoll i 1913, og at far hans bygde opp garden der frå grunnen av.

I dagbøkene er Håkon Hauge omtala som arbeidsmann, ein med kunnskap om reiskap og tradisjonelle arbeidsmetodar. Dette må ein gå ut i frå at han hadde lært under oppveksten på Hauge i Lærdal.

Men han er også ein klok observatør i fylgje dikteren. Han siterer far sin slik i dagboka: «Den mannen hadde framtidsaugo». Litt av den replikkunsten ein finn att i dikta til Olav H. Hauge, ser ein att hjå faren. Han heldt nok på sognadialekten heile livet.

Olav H. Hauge gjekk mykje med hatt. Men 24. november 1954 skriv han ironisk i dagboka at faren sin hatt var altfor liten for han. «Ikkje rart, han hadde ikkje so mange tåpelege tankar i hovudet».

Men brugging hadde ikkje rallaren lært i Lærdal. Det lærde han med god hjelp av Ola morbror, skriv dikteren ein stad. Han var meistarbruggar!

Diktet frå *Under bergfallet* frå 1951 seier litt om Håkon Hauge:

Tvo heilage ting

Tvo ting heldt han heilag: *Manns ferd og arbeidsæra*. På dei var ho bygd, hans verd. Aldri såg eg han rådlus utan ein gong. Det var då tyske granatar og kulor song gjennom vegger og tak på hans eigen gard og han laut krabba med kona til skogs, han far. Då såg eg augo hans flakka rådvilt ikring Det var noko som brast for han: *Tvo heilage ting*.

Dette er nok eit nokså biografisk dikt. Ulvik vart skoten i brann 25. april 1940, og dei fleste husa i sentrum brann ned. Men

det vart også skote på hus rundt omkring i bygda, og folk rømde til skogs slik som Olav H. Hauge fortel om i dette diktet. Far hans var då 68 år.

Åtaket på Ulvik sette varige merke i alle frå bygda. Det utvikla seg langt utanfor det folket hadde sett føre seg, og fleire enn Håkon Hauge vart rådvill og redde. At nokon skulle koma inn fjorden og drepa og setja hus og heim i brann, var det ingen som hadde sett føre seg. Det var eit brot på det alle tenkte på som «manns ferd».

Diktet i *Under bergfallet* fortel det same som dagbøkene. For Håkon Hauge var det arbeidet som var sjølv livet, det Olav kalla arbeidsæra. Det var nok det fysiske arbeidet han tenkte mest på, arbeidet på garden eller på anlegg. Den litterære interessa fekk Olav H. Hauge frå ulike kjelder. Respekten og gleda over arbeidet fekk han frå far sin.

Etter å ha hatt ein pause frå dagboka på tre år skriv Olav H. Hauge 20. oktober 1937:

“I had got a severe cold and went suddenly mad. Complately. My father was asked to come and he was compelled to bring me to asylum in Bergen. ...I am sorry to say that my father found he could not have me at home.”

Sitatet syner ein omsorgsfull far som måtte stilla opp for sonen i dei krisene sonen gjennomlevde som ung og etterkvart vaksen.

Når livet går mot slutten for Håkon Hauge, finn me han att i dagboka frå juli 1953 (*Dagbok*, b. 1, s. 366): «Vore til Voss til far, han ligg på sjukehuset på Seim. Vonleg kjem han seg, endå han tek til å *verta skral no.*»

Og 17. november 1954 er det slutt, les vi i dagboka, bind 1, side 408: «Far døydde i dag kl. 11 på sjukehuset på Voss. Han fekk lungebetennelse no sist onsdag, og det kom han seg ikkje yver. Han var 77 år. Og trøytt. No hadde han lege der i 9 måna-

der. Ein skal ikkje gråta for han; han hadde gjort sitt. Aldri skal ein gråta yver eit sterkt liv, eit liv i arbeid og strid kvar dag. Men ein skal gråta yver seg sjølv, som ikkje gjer noko.»

Vidare les vi om gravferda 24. november 1954: «Far vart gravlagd i dag, straks utanfor kyrkja, attmed dei tri syskini våre. Han var aldri redd for jordi, han far. Og eg græt ikkje yver han. Lat meg heller gråta yver meg sjølv. Eg gjorde han aldri anna enn sorg. Ingen syntest eg var som han, og likevel har eg ikkje gjort nokon annan so mykje ilt».

Mange diktarar har brukt tilhøvet til far som tema for diktinga si. I den romerske tradisjonen vart far skildra som autoritet, som ein som formidla livskunnskap vidare til sonen. Det var fyrst og fremst sonen det vart stilt krav til, sonen skulle syna lojalitet og respekt ikkje berre for far, men for forfedrane og gudane.

I den moderne litteraturen endrar dette seg. Verdigrunnlaget er i oppløysing, og det oppstår konflikhtar mellom generasjonane. Far får skulda for sonen sine manglar og problem. I norsk litteratur kjenner vi dette att hjå Karl Ove Knausgård.

Olav H. Hauge representerer i dagbøkene sine den førmodernistiske tradisjonen. Faren får heltestatus, han vert framstilt som ein god far, arbeidsom og snill. Derimot er dikteren, sonen, omtala som ein som sviktar og gjer far berre vondt. Det kan sjå ut som det fyrst og fremst er sjukdommen og fylgjene av den som er grunnen til det dårlege samvitet.

I 1980 er Olav H. Hauge endeleg frisk og godt gift. Han må laga nytt bord til seg og Bodil. Då finn han att nokre eikeplank som faren hadde skore ferdig under krigen. Bordet vart eit fint minne om ein god far.

Torbjørn Ljones

HAUGE-DIKT OM KRIG, MED VEKT PÅ «NYÅRET 1970»

Dikt av Olav H. Hauge som openbert er innom politiske tema, er ofte dikt som beinveges eller omveges kommenterer krig og krigshandlingar. Det eldste av desse er sonetten «Korea» som vart skriven på 1950-talet, men fyrst prenta i *Dikt i samling. Dogg og dagar*, 1964. Diktsubjektet er oppteke av dei som tapte og ligg att på slagmarkene «med gras imillum bringebein». «No har dei fred,» lyder det ironisk, og tyder lite for dei som sit ved tingingsbordet etter krigen.

Dei fleste av dikta som kjem inn på krigstemaet, står elles i slutten av samlinga *Spør vinden* (1971). Diktet «Det er ikkje berre soli og Vårherre som ser kva som skjer» peikar på kor opptekne vi kan vere av krigshendingar og kritiske til at grensetvistane i verda ikkje kan løysast enklare, men gløymer at vi ikkje veit å løyse våre eigne lokale tvistar om merke mellom grannar.

To dikt, «Finnmarksmor 1944» og «Frå krigsdagan», har motiv frå ei stor og omfattande hending då tyskarane drog seg ut or Finnmark og Nord-Troms og brende alle hus etter seg, og ei «lita» som viser eg-et i diktet sine tankar med ei kule i handa som «hadde gjenge gjennom glaset og / tvo timbervegger. / Eg tvilar ikkje på at ho kunde drepa.»

Dei siste av desse dikta er to kortdikt, kvart på fire linjer medrekna titlane. Titlane er særmerkte med di dei plasserer dikta i tid til «Desembermånen 1969» og «Nyåret 1970». Dikta handlar om død og drap, og krigshendingane kring jul og nyttår 1969–70, veit vi var Vietnam-krigen. USA forsøkte i tidsrommet 1969–72 å «vietnami-sere» krigen ved å trekkje ut troppar (over 500 000 soldatar i 1968–69 vart reduserte til 70 000 i 1972). Dette vart så kompensert ved å auke bombinga, noko som i au-

kande mon gjekk utover sivilfolket.

Det fyrste diktet er

Desembermånen 1969

Han løyner stålet

i ei slire av sylv.

Det er blod på egg.

Krigshandlingane er omtala i tradisjonelt språk om våpen og drap. Å omtale månen og måneskinet med ordet sylv er vanleg nok. Her er månen ei sylvslire, i og for seg teikn på venleik og rikdom, men i slira er det «stål», det vil seie kniv eller sverd. Stålet er løynt, men vi får vite at eggja er blodut. I staden for å vere eit positivt symbol er månen vorten eit teikn på det motsette, på svik og drap.

Det andre diktet er

Nyåret 1970

Ei svart prestekone

er uventa komi til gards.

Og ein gul ulv.

Her er det to subjekt, ei svart prestekone og ein gul ulv. Truleg er begge vonde varsel. Ein «gul ulv» kan vi lese som kjenning for eld, brann, her er varme laus: Hauge har nemleg brukt det same biletet i diktet som står før desse to (i originalutgåva av *Spør vinden*), «Finnmarksmor 1944»: «Skygde av svarte ørnar slepte dei grøne / syngjande soldatane dei gule ulvane lause / på det fatige landet ...» Den gule ulven som fylgjer med den svarte prestekona, er altså knytt til krig og brann. Og ettersom ulven fylgjer kona, må ulvebiletet påverke tolkinga av den figuren òg.

Isolert sett kunne *prestekone* lesast positivt, også om ho berre var svartkledd, som koner tradisjonelt ofte var når dei gjekk ut. Svart er i seg sjølv ofte teikn på noko negativt som varslar ulukke og død, og når det er snakk om ei svart kvinne som kjem til gards, kan vi sjå eit samband med segne-

ne om den forferdelege pestsjukdommen «Svartedauden» midt på 1300-talet som råka landet vårt ufatteleg hardt og tok livet av store folkemengder, kanskje over helvta av folket her. I diktet står det at kona er svart, altså ikkje berre svartkledd. Då er det heller ikkje langt til å assosiere henne med djevelen, som ei djevelens prestinne, og altså det motsette av slik ein ideelt sett kan vente at ei prestekone skal vere. I segnstoffet som er overlevert, er svartedauden personifisert som ei eldre svartkledd kvinne som drog ikring i landet utstyrt med ei rive og ein sopelime. Ho hadde namnet «Pesta». Der ho raka, smatt somme unna, men der ho sopa, døydde alle.

Pesta og Svartedauden er i nyare tid beiskt levandegjorde av *diktarkunstnaren* Theodor Kittelsen (1857–1914), som Holger Koefoed og Einar Økland kallar han i den fine boka si, *Th. Kittelsen. Kjente og ukjente sider ved kunstneren* (1999), der dei i kvar sitt kapittel, «Pesta – Kittelsens femme fatale» (Koefoed) og «Den svarte

Kittelsen» (Økland) viser og gjer greie for og drøftar Kittelsens bruk og bearbeiding av stoffet om Pesta og Svartedauden. Kittelsen arbeidde i fleire år med dette på 1890-talet og fekk endeleg i 1900 forleggjar til boka *Svartedauden* med sine eigne tekstar og framfor alt uhyggelege mørke teikningar av Pesta og interiør og hus og landskap og død der ho for fram.

Vietnamkrigen kravde to til tre millionar menneskeliv. Ikkje å undrast på om Hauge gjorde bruk av både segnstoffet og Kittelsens sterke tolking av det for å skape eit bilete av den fæle krigen som dagstøtt kom inn i stovene våre gjennom moderne massemedia. Det var ikkje til å forstå, og når det *vart* forstått, ikkje til å akseptere. Grip vi to dikt fram i boka til «Det er ikkje berre soli og Vårherre som ser kva som skjer», finn vi dette: «*Ein ting ser me: / Kva skal amerikanarane i Vietnam?*»

Idar Stegane

INTERVJU MED GEIR NETLAND – DAGLEG LEIAR PÅ HAUGESENTERET

Ulvik poesifestival har gått gjennom store endringar dei seinare åra. Frå å vera ein festival som stort sett vart driven av kultursjefen i heradet og ei rekke frivillige, er det no profesjonelle Nynorsk kultursentrum som driv festivalen. Målet er ikkje mindre enn å verta blant dei viktigaste poesifestivalane i Norden.

Ein av dei som jobbar med festivalen, er dagleg leiar på Haugesenteret, Geir Netland. Eg møter han på kontoret ein måndag i februar. Poesifestivalen 2014 er ferdig for fleire månader sidan og planlegginga av komande festival byrjar som smått om nokre veker. Ein skulle difor tru at det var ein roleg periode på kontoret, men Geir har meir enn nok å gjera. Ein vanleg arbeidsdag går mellom anna til å driva butikken, jobba med heimesida, finansiering og så vidare.

At han i vaksen alder skulle jobba med kulturformidling visste han tidleg. At det skulle dreia seg om poesi var nok ikkje ein del av den opprinnelege planen.

Frå filmklubb-skipar til kinodirektør

Geir Netland byrja karrièren sin innan kulturformidling då han som 15-åring starta filmklubb på Bryne saman med nokre kameratar. Repertoaret var gjerne gamle klas-sikarar, og Norsk filmklubbforbund hjelpte til med å importera filmar til kameratgjengen på Jæren. Seinare byrja han å studera kultur- og fritidsadministrasjon, eit fag som belyser forvaltningsoppgåvene innan kultur. Som fordjuping valte han sjølvsgagt film. Alt som 23-åring vart han tilsett som kinosjef på Bryne, før han i 1987, 27 år gamal, vart oppmoda om å søka på stillinga som programsjef ved Stavanger kino. Denne stillinga hadde han i fem år, før han vart kinosjef i Sandnes. Etter sju år i sjefsstolen fusjonerte kinoane i Stavanger og Sandnes, og Geir vart konstituert kinodirektør for det

nyoppretta selskapet. No var tida inne for å jobba med anna enn kinodrift, og Geir byrja som produsent i selskapet Sydvest Film. Her vart det produsert dokumentarfilmar for både NRK og TV2. Diverre gjekk Sydvest Film konkurs i 2010, og Geir jobba ei stund som frilans, samt for selskapet Phantom Film i Stavanger.

Oppstarten av Haugesenteret

I 2012 dukka det opp ein stillingsannonse som var noko litt utanom det vanlege. I Ulvik var dei i gang med eit dokumentasjons-senter over Hauge si dikting, og no trengde dei ein ny dagleg leiar. Geir var lysten på nye utfordringar, søkte på stillinga og fekk den.

- Eg flytta til Ulvik i mars 2013. 10. mai 2014 skulle Haugesenteret, og dermed basisutstillinga om Hauge og lyrikk, opna. På toppen av det heile, så mangla delar av finansieringa. Det var travle tider, minnest Geir.
- Me hadde ei gruppe som laga utstillingsplanen. I denne gruppa var det både forfattarar og formidlarar. Kven som skulle få laga sjølve utstillinga, vart lyst ut som offentlig anbod, og me måtte velja tilbydar rett før jol 2013.

Nokre skjær var det i sjøen på denne tida. Mellom anna så stod senteret i fare for å mista statstilskotet på 1,5 millionar kroner, etter at regjeringa gjorde endringar på kven som skulle få statstilskot.

- Takka vere iherdig lobbyverksemd og politisk press, så fekk senteret behalda tilskotet. Særleg Terje Breivik gjorde ein god jobb her, kan Geir fortelja.

Torsdag 4. september 2014, dagen før Ulvik poesifestival opna og knappe fire månader etter skjema, skulle Haugesenteret opnast. Ein småstressa dagleg leiar følgde Bodil

Cappelen rundt på ei privat omsyning kvel- den før opninga.

- Eg var svært spent på kva Bodil tykte om løysingane våre. Heldigvis strålte Bodil opp, og ho meinte at me hadde fått til ei god utstilling. Den natta sov eg godt.
- Kva ynskjer de med utstillinga? Kven er målgruppa dykkar?
- Målet var at alle skulle finna noko nytt då dei såg utstillinga, både kritikarar og haugekjennarar. Dette skal vera ei utstilling både for dei som kan mykje og dei som kan lite om Hauge. Me ynskjer òg å ta imot skuleklassar slik at interessa og kunnskapen om Hauge vert halden ved like.

Geir kan fortelja at store deler av utstillinga i Haugesenteret er meint å vera varig, ein skal kunne koma att fleire gonger og stadig leggja merke til nye ting.

- Nokre deler av utstillinga vil derimot verta oppdatert og få fornyingar etter kvart. Det gjeld mellom anna dei delane som heiter *Hauge sitt liv og verk* og *Grenselaus poesi*. I tillegg så vil me snart få eit ledig rom der me vil ha skiftande utstillinger.
- Kva trur du Hauge sjølv hadde tenkt om at det er kome eit Haugesenter?
- Olav H. Hauge var ein beskjeden mann. Det var ikkje snakk om å reisa ei byste eller statue av han på Brakanes. Men eit monument over diktinga hans, *det* kunne han gå med på. Det kan me sjå på plenen mellom banken og kyrkja. Eg trur difor Hauge hadde vore stolt over Haugesenteret, fordi senteret fyrst og fremst har fokus på *diktinga* hans.

Vegen vidare for senteret

Ivar Aasen-tunet og Knudaheio er institusjonar som er kjende over heile landet. Eg ynskjer å vita kor viktig og sentralt Haugesenteret er, eller kan verta, samanlikna med desse musea. Til dette svarer Geir at forfat-

tarskapen til Hauge gjev gjengklang over heile landet, og han har eit stort publikum.

- Sjølve senteret er klart mest kjend på Vestlandet, og me har ein jobb å gjera med å marknadsføra oss i resten av landet. Me jobbar med å formidla lyrikk generelt, ikkje berre lyrikken til Hauge. Boksamlinga hans på over 6300 skrifter syner at han hadde blikket utover, og det skal senteret òg gjera. Mandatet vårt er å sjå etter nye stemmer og uttrykk i lyrikken, og det er i Hauge si ånd.

Haugesenteret jobbar konstant med å utvikla arrangement som skal få opp interessa for lyrikk hjå både barn og vaksne. Dei samarbeider med Hardanger Folkemuseum om *Diktartstien*, der sitat frå forskjellige diktarar vert skrive på steintavler som går mellom husa i museumstunet.

Haugesenteret samarbeidde òg med biblioteka i Hardanger og på Voss, og ikkje minst skal dei ha ein aktiv og spanande nettstad. Alt dette skal vera med på å lyfta Haugesenteret og lyrikk generelt, men Hauge spesielt, opp og fram.

- Og ikkje minst så jobbar me med Poesifestivalen. Eg kan ikkje få skryta nok av staben, dei tilsette ved Haugesenteret. Dei jobbar godt, tar i eit tak og er generøse. Poesifestivalen 2014 var ein stor suksess takka vere desse.

Allereie i byrjinga av mars i år møttest programrådet for å byrja å planleggja neste festival, som går av stabelen 9.–11. september 2016.

- I haust var temaet grøn poesi. Kva neste års festival vil innehalda er det ingen som veit enno.

Det som er sikkert, er at komande festival er andre helga i september. Så hald av helga 9.–11. september 2016, det vert garantert lærerikt og interessant.

Eivind Bergo

OLAV H. HAUGE OG NOKRE PLANTEARTAR VED STALHEIM, VOSS

*Førsteamanuensis Trond Arnesen, Høgskulen i Sør-Trøndelag,
avd. for lærar- og tolkeutdanning (HiST-ALT)*

Nokre «Haugeplantar» frå ei økopoetisk botanisk vandring mellom Stalheim Hotell og Sivle under Skjervheimseminaret 2014. Heile vandrainga er omtala i artikkelen Kjærleik og sinne som ligg på nettsida til Forfatternes Klimaaksjon og på sidene til Skjervheimseminaret. Der er det mogleg å finne meir om kjærleiken, sinnet og økopoesien.

Stalheimsgrenda

Ask *Fraxinus excelsior*

I Stalheimsgrenda veks det ask. Artsepitetet *excelsior* tyder høgare, den høge/oppbyggde. Kva er det med tre? Dei står der, nokre av dei ser knapt ut til å endre seg gjennom heile livet vårt. Slik blir dei ankerfeste, sjølv for dynamiske, rastlause, moderne menneske. Dei fleste av oss har nokre tre vi kjenner. Eg har sjølv samtalar med ei gran kvar morgon på veg til jobb. Og ho svarar. Ja, eg er ikkje galen, svaret kjem frå mitt eige indre så klårt. Men eg veit ikkje om det kom utan nærleik til grana. Ask er verdstreet i norrøn mytologi. Yggdrasil, med greiner som fyller verda og himmelen, med røtene hos æsene og rimussane og i Nivlheim, kor den avskyelege ormen Nidhogg ligg og gneg på rota og trugar treet. I toppen sit ørna Vidofnir og mellom ormen og ørna spring ekornet Ratosk med sladder og vondord. Det er litt av eit liv i dette treet... Den norrøne Adam vart laga av ei askegrein, Eva av ei alme-grein. Det er Ask og Embla. Det er vel ikkje rart at folk har trudd at ask har magiske evner. Askeski skulle vere så glatte som var dei fortrolla. Så seint som på 90-talet gjekk det ein farsott av askemagi over landet og tre vart hogd for endes som kreftmedisin, potensmiddel og kva veit eg. Asken på

Stalheim står og er enno ung og kan vekse vidare som livssymbol inn i livet til mange etterkomarar på garden.

Olav H. Hauge nemner ask direkte i tre av dikta sine: I «Fjellblokka kallar dei meg òg» frå den første samlinga si *Glør i oska* (1946), i «Ogmund rid heim» og i «Haustfiske», båe frå *Dropar i austavind* (1966).

I «Fjellblokka kallar dei meg òg» samanliknar Hauge den vesle, krypende vieren musøyre med dei store trea: «Kulden er hard her/ og vinden strid./ her kan ein ikkje stå/ og susa som askar/ og almar i lid - ...». Diktaren veit eit og anna om vekstvilkår og fysiologisk tilpassing hos plantar. I «Ogmund rid heim» står den langveggsfarande Ogmund foran Jeriko med «askspjot frå Spånheim». Ask har rettkløyvd, seig og elastisk og hard ved og vart gjerne brukt til rivetindar, økseskaft, esker (av: ask) og anna som trong vere slitesterkt (Høeg 1976). Rett askevirke kunne soleis vere vel eigna til spjot. I diktet «Haustfiske» er det sein haust og litt is på elva og «Askestuvane stend grå/ ved barden./ syner grant kvar tein/ og svart knupp, ...». Styvning av ask var viktig hausting for vinterfôr til dyra. Enno finn ein gamal styva ask og alm i Noreg, især på Vestlandet. «Alm gjødar, ask fødar, or sveltar, vier veltar» heitte det om fôrverdien. Og dei svarte vinterknoppene er det beste kjenneteiknet på arten ask på vinteren.

I eit fjerde dikt, «Det blå landet» (frå *På Ørnetuva*) talar han om eiketrea ved Valen der han var innlagt fleire gonger for psykoser: «Her er eg trygg, her er det eiker kring murane, ...». Og vidare:

Eikelauv i haustsol!
Blålandet, berglandet, havlandet
og aldrar attum meg
i tung fargebragd
og gløding.

(...)

Eg gjeng i det blå landet
under fallande blokkor.

Og ein dag er Yggdrasil snaud.

Hauge sitt blå land er vel både den høglofta hausthimmelen, men kanskje også den psykiske lidinga? Livet som går? Bluesen? Vi veit at livets tre Yggdrasil er ask, ikkje eik. Men eit kvart tre er eit livssymbol. Og eit kvart lauvfall er eit varsel om daude, om vinter, men også om vårvon! Ein dag skal sola vinne over vinteren og få nye blokkor til å opne seg så dei fangar solenergi for å byggje nytt plantevev. Tenkjer Olav H. Hauge på den komande våren etter nok ein haust og vinter på Valen?

Fotosyntesen i plantar, algar og blågrøn-bakteriar er den viktigaste kjemiske prosessen på jorda. Nesten alle næringskjeder på landjorda startar med slike organismar som forandrar CO₂, vatn og lys til sukker. Kvar haust (mens trea er i tung fargebragd og gløding) fortel eg studentane mine at sidan eg er botanikar, et eg ikkje plantar. Eg er for glad i dei. Dei fleste har noko biologi frå vidaregåande og gudskjelov, det tek ikkje lang tid før ei hand er oppe: «Men... kan det stemme? Viss du berre et kjøtt, så et jo sauen, kua, elgen... whatever... plantar? Og treng *mykje* plantar!?» Studentane mine kjem frå biologilærarane sine på vidaregåande og skal bli lærerar sjølv. Eg ville vore djupt bekymra om ingen av dei visste at eit kilo kjøtt kostar om lag 10 kilo plantar.

Sivleveggen

Langs vegen frå Brekkedalsvegen mot elva og Sivle finst noko gran og lauvskog. Der grana dominerer finn vi gjerne mindre vegetasjon, mest blåbærlyng og andre lyngartar

og mose. Bartre og lyng gir eit surt strøfall og syra frå det lite omdanna strøet (humusen) vaskar ut minerala frå grunnen. Jorda blir fattig podsol om ikkje bergartane under inneheld kalk som nøytraliserer.

Ved det strie, tronge elveløpet like før vi kjem til Sivle, er det jamn fukt og frodig vegetasjon og god brunjord, - der jorda har feste. Her finn vi att skogburknar, skogstorkenebb, mjødukt, hegg og selje. Olav H. Hauge kjenner ein liknande stad like sør over fjellet frå Sivle, og nemner alle dess artane i diktet «Fossen» frå samlinga *Under bergfallet* frå 1951 (Hauge, 2000). Han er der om våren:

Fossen

Han tyt sin song
i gjeli seint og tidleg, -
lær kaldt, og læt so blidleg
ein annan gong.

No er han glad
og vårmælt. Flau men sputtar
vyrdlaust på gamle ruttar
på svarte svad.

Sjuskjæra raud
blør under morkna sløket;
i kalde gufs frå røket
skjelv burknelauv
og heggeblom;
på vatn, som dropen krusar,
sviv stille seljepusar
i bergsval dom.

Tidt sat eg der
og høyrde fossen spela,
med soli gjenom fæla
hogg blane sverd.

So søv han inn
på grøn silkepute
burtgløymd av verdi ute.
Vevkonespinn;
og lukt av tre
som rotnar; skumt i hallen;
kvit mjødukt løyner kallen
i morkna fred.

rutt: diger trestuv

Skogstorkenebb har blad med sju flikar, og blir ofte kalla sjuuskjære på Vestlandet. Det er ikkje usannsynleg at Per Sivle kunne ha funne seg ein plass ved sida av Hauge når han satt slik og hørde fossen spele, om tida hadde vore rett for det.

Sivle

Sivlegarden er no fint restaurert og ligg vakkert i sola, med utsikt mot fjell og dalar. Men om han ligg vakkert til, var nok ikkje alltid livberginga ei overflod. Dei små bruka slik som Sivle trong alt før dei kunne skaffe frå utmark og beitehagar. På berget like aust for Sivle er det skrint beite og vanskelig slått, men det vart nok brukt. Her finn vi einer og nyperoser og gul tepperot og stritt finnskjegg, men og det gode beitegraset engkvein. Litt om einer og roser:

Einer *Juniperus communis* og nyperoser *Rosa* sp.

Einer vart av og til brukt som før, men til vanleg beiter ikkje dyra mykje på eineren. Dei kan ta ungskot. Dermed blir han ofte ståande att i beitelandskap. «Når alle einebær er mogne, er alle jenter trogne», heiter det i eit gammalt ordtak. Vi kan like godt endre det til «... er alle gutar trogne». Det er like lite sannsynleg at alle jenter og gutar blir trufaste, som at alle einerbær er blå. Einerbæret, eller bærkongla, treng to år for å mogne. Dermed er det alltid nokre grønne. Eieren er hardfør og tåler det meste, og han er vidt utbreidd over det meste av den nordlege halvkula. I samlinga *Dropar i austavind* frå 1966 skriv Olav H. Hauge:

Ein lyt

Ein lyt
smøygja seg
og tøygja seg
og friska seg
og briska seg,
gjera som braken
spita hagl og regn

Brisk, brake, sprake. Kjært barn har mange namn. I alle fall dei to siste må ha samanheng med lyden når eineren brenn. Einer er truleg den mest brukte planten i norsk flora: seig og haldbar ved var nyttig til koplingar og reiskap, baret vart brukt som strø på setergolv og fjøsgolv og til dekke på veggar, til røyking av kjøtt og det vart kokt til låg for å vaske håret eller til å sette på einerøl. Bærkonglene kokte ein inn med vatn og sette til litt fløyte og sukker til eit godteri (trek). Dei vart også brukte til krydder i mat og i brennevin, mellom anna genever og gin (jf. slektsnamnet *Juniperus*). Medisinsk vart planten nytta mot urinvegsinflammasjonar (han driv vatn) og til å framkalle abort (han kan framkalle muskeltrekningar i livmora). Nyperosebuskane er også hardføre og kan veksa på berg. Dei har tornar som beiteforsvar. I tillegg har dei vakre, velluktande, rosa blomar som lokkar pollinatorar. Nypene er rike på C-vitamin og vart nytta til syltetøy, men og tørka og malt og brukt til å dryge mjølet. Ein av deltakarane under vandringa på Stalheim i 2014 kunne fortelje at frøa (lusa) i hans barndom vart knust og brukt i ein slags te. Roser er nyttige og vakre, men dei har altså tornar:

Klunger

Rosone har dei sunge om.
Eg vil syngja um tornane
og roti, - ho klengjer seg
hardt um berget, hard som
ei mager jentehand.

Slik fangar Olav H. Hauge i eit dikt frå *Dropar i austavind* smerten i det vakre og livsviljen hos den svoltne... på kjærleik?

Vandringa frå Stalheim endar her. Vi er midt i september, skogen er «i tung fargebragd/ og gløding» og vi går inn i hausten. Per Sivle skriv om saknet etter fuglane og blomane og set ord på vemodet i diktet «Haust» frå samlinga *Bersøglis- og andre Viser* (1943 [1895]):

Haust

Kvar vart det tå alle dei Fuglar,
som song
i Sumar so vænt millom Greino?
Sidan eg hørde deim
ender og Gong:
og so vart det Stilla i eino.
- Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.

Kvar vart det tå alle dei Blomar
som stod
og nikka i Ljos og Ange?
Eg ser yver Bøen,
men er ikkje god
få Auga på ein av dei mange.
- Han visnar, Blomen, mot Hausten.

Ja. Men Sivle og Hauge visste og vi veit at
hausten og vinteren er vegen til vår og som-
mar. Og den økopolitiske frostperioden vi
no ser ut til å vere inne i, midt i oppvarmin-
ga, kan føre oss mot ein ny vår for livet på
jorda og for våre band til det levande. Det
er ei von, voven med sinne over overgrepa
mot livet på jorda og med kjærleik til det
levande som vi er ein del av.

Litteratur

- Arnesen, T., 2008. Revebjøllor og finntopp.
Bokvennen Litterært Magasin nr. 1-2008: s 20-31.
På nett: http://www.haugesenteret.no/ohh/no/olav_h_hauge/Revebj%C3%-B8llor+og+finntopp.d25-SwZjIWO.ips (- om Olav H. Hauge og plantane).
- Arnesen, T., 2014. Kjensla for lauvet og lyden av vind.
Bokvennen Litterært Magasin nr. 1-2014: s 27-37.
- Arnesen, T., 2014. Kjærleik og sinne. Økopoesi, menneske og natur.
På nett: <http://www.forfatternesklimaaksjon.no/> og <http://www.skjervheimseminar.no/seminar2014.htm>
- Hauge, O. H. 2000. Dikt i samling. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Høeg, O.A. 1976. Planter og tradisjon. Universitetsforlaget, Oslo.
- Lid, J. & Lid, D.T. 2005. Norsk flora. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Sivle, P., 1943. Skrifter. Bind 1. Gyldendal, Oslo.

EGOSENTRISKE DIGRESJONAR OM HAUGES DAGBØKER

I hagen vår har vi eit 80 år gamalt gravensteinre, gråpæregrannen er litt yngre, ripsbusken knappe 40. Men vi får mykje frukt og bær nesten kvart år, sjølv om eg skjer greiner som ein uvitande amatør.

Lokka av nokre uvanleg milde februar dagar i Oslo, var eg i år kanskje vel tidleg ute med beskjerjinga. For når eg på slump blar opp i band 5 av Hauges dagbøker, ser eg at han 19.3.1983 skriv: «Sol. Litt kaldt. Skare, kan gå ut og skjera tre i dag.»

Eg slær ofte opp i Hauges dagbøker, og om eg som forlagsredaktør «i embets medfør» har vore gjennom dei 3727 sidene fleire (4) gonger, finn eg alltid namn, bøker, hendingar som eg ikkje merkte meg skikkeleg første gong. Både til fembandsutgåva i 2000 og til eittbandsutvalet i 2013 skreiv eg entusiastiske og forsøksvis saklege forord, og eg veit at eg kunne ha lagt til merknader om somme pinlege feilskrivningar og mistyding av namn. Men når Venelaget har bede meg bidra med meir personlege moment, får det vere orsakinga for at eg her tidvis blir nærast tabloid i innhald og form.

Eg studerte nordisk språk og litteratur på Universitetet i Oslo i dei harde og varme 1970-åra, og treivst så godt med medstudentar og lærarar at eg politisk ukorrekt gikk inn for at faget skulle lukkast - men då i begge endar. Otto Hageberg og Leif Mæhle brukte å ha sentrale, helst nynorsk-skrivande poetar på besøk i si undervisning, og vi studentar fekk stundom då bli med på kveldssæte med desse. I kjellarstova til Hageberg kom eg slik i prat med Hauge, og då han hørte eg hadde fransk som eitt av faga mine, ville han heller snakke om Valéry og Verlaine enn om norske lyrikarar. Men han vart tydeleg sjokkert og skuffa over mitt fåvit då eg ope vedgikk at eg berre av omtale kjende Atle Kittangs dr.avhandling om Arthur Rimbaud.

Denne dr.avhandlinga, med dedikasjon frå flogvitet Kittang henta han sjener og stolt fram då vi ei januarnatt i 1985 stod framfor bokhyllene hans på Rossvoll. Eg hadde lånt bil frå Finneslekta mi på Voss og trassa holkeføret over fjellet for å følgje opp «friarbreva» mine etter at Hauge i november bestemte seg for å gi ut bøkene sine på Samlaget. No skulle vi avtale utstyr og omfang på ei ny utgåve av *Dikt i samling*, og mi oppgåve var å hindre han i å gøyme bort dei nye dikta han på smålåtent og kokett vis fletta inn. Han og Noregs Boklag hadde lagt seg til uvanen med å markere nye dikt med ein diskret asterisk – ei stjerne i registeret. Frå indiskret hald hadde eg fått eit oppmodande hint om at Hauge kunne nominerast til Nordisk Råd-prisen om han kunne gi ut sine 20–30 nye dikt separat.

Frå 1985 og til han døydde i 1994 var det naturleg at vi hadde kontakt, og då eg i 1996 las gjennom dei 82 handskrivne dagbokhefta, fann eg at han refererte somme av breva, forlagsmøta og samtalanene. Sjølv hadde eg intense minne frå mi «friarferd» til han og Bodil i 1984, men det eg opplevde som eit sterkt samtaledøgn, der vi vart same om at Olav Duun var ein større forfattar og ein skarpare menneskeskildrar enn Hamsun, kan ikkje ha gjort nemnande inntrykk på skalden. I alle høve er det ikkje nemnt med eit kvekk i dagbøkene, og eg tok meg nesten like nær av det som då han ein annan stad kallar meg Tusberg. Og eg vil ha ros for at vi av tekstkritiske grunnar let denne og andre feilskrivningar bli ståande!

I mange år hadde eg fortrengt dette, inntil eg las Karl Ove Knausgårds *Min kamp*. I eitt av dei seks romanbanda skildrar han over fleire sider si vitjing på Rossvoll og sitt samtalemøte med Hauge. Og til mi store trøyst og forkastelege skadefryd såg eg at heller ikkje dette besøket er nemnt med eit semikolon i dagbøkene.

Når eg likevel stadig tek dei fram, er det heldigvis mindre for å sjekke kven som ikkje er med mellom dei nær 5000 i namneregisteret, men meir som kunnskapsutvidande og underhaldande miming. Og jamvel 15 år etter at dei kom i bokform, kan Samlaget notere vitnemål frå ihuga lesarar, litteratar og kulturjournalistar som er vaksne nok til å vedgå at dei nyttar dagbøkene som kulturhistorisk etterutdanning.

Dei heldige som hadde fått brev frå Hauge, visste at han også på prosa var ein stilkunstnar av rang, og i dagbøkene kjem det fram i fullt monn. Og anten han skriv om skiftande verlag og vadlasletta, fruktdyrking, lokale stadnamn eller kommenterer kommunalpolitiske hendingar, er det i ei form som gjer at det blir forvitneleg og meningsfullt også for lesarar som aldri har vore i Ulvik eller i Hardanger. I tillegg fekk mange av oss gjennom dagbøkene korrigerer våre naivt fordomsfulle forestillingar om at ein poet og gjendiktar av Hauges kaliber utelukkande les eigne og andres dikt eller tung litteraturteori. Rett nok dominerer tilvisingane til Baudelaire, Dickinson, Ekeleund, Ekelöf, Brecht, Hölderlin, Wergeland og talrike andre diktarar, men her er også befriende mange vitnemål om lystbetont og entusiastisk lesing av romanar, sakprosa, filosofi og større historieverk. At han også fordjupa seg i utanlandske aforismesamlingar i original, og fann glede i Alf Larsens subtile prosa, burde ikkje forundre andre enn antroposofar og konservative professorar og andre som ikkje har tiltrud til at folk på den politiske venstresida kan vere litterært altetande, så lenge det er tale om kvalitet.

Lyrikken er den mest eg-sentrerte litteratursjangeren, og det er ikkje underleg at ein i Hauges bokhyller finn mange litterære dagbøker. I dagbøkene hans finn vi hyppig kommentarar til dagbøker han har lånt, som når han etter at han i dei ovannemnde dagbokblada frå mars 1983 har fortald at han har skore frukttre, sneiar innom Sven Lindquists *En älskares dagbok* før han har

eit apropos til at han no snart er ferdig med band 5 av Arne Garborgs dagbøker:

«At Garborg hadde mist tri jaksjar då han gifte seg, at han hadde sider frå Harang i Knudaheio, kan vera moro å vita – han var no eingong Garborg. Elles er det å føra dagbok vanskeleg; mange har gjort det, men fåe har kome inn i verdsbokheimen med so gjort. Noko slikt har me ikkje på norsk. Minnebøker har me og gode sjølvbiografiar, utan at dei rekk upp soleis at dei er vortne vidkjende.»

Med sine dagbokhefte frå 1924 til 1994 bøtte Hauge til overmål på dette saknet.

Hauge kritiserer med rette Garborg for å syte for mykje over sjukdom i dagbøkene, og likar betre når Garborg i same setning strevar med Odyssekvædet og tumlar med planar om å omsetje Hamlet før han dør. Med langt mindre syting får vi i Hauges dagbøker bli med til tannlegen på Voss, iblanda sitat frå Pascal og Holberg.

I 1990 vil eg imponere og drøfte Paul Cellan med Hauge på ei utstilling med Bodil Cappelens kunst, men han er meir opptatt av sine gode og litt dyre (kr 800!) Eco-sko. På denne utstillinga har Bodil eit motiv med tittelen «Dronning Vasti». Poeten godtek at eg ikkje eig Seippels omsetjing av Bibelen, som etter hans mening er den «eigentlege og beste». Men han er oppgitt når han meir enn anar at eg ikkje straks knyter namnet Vasti til Det gamle testamente. Heldigvis hadde vi med våre to Suttung-skolerte døtrer på utstillinga, og dei kviskrar halv høgt og veslevaksent til Hauge: «Esters bok, kap 1, vers 9-21.»

I dette perspektivet er eg meir enn nøgd med at han i dagbokbladet for utstillinga 8.2.90 nøkternt noterer:

«Sverre Tusvik snakka eg med.»

Sverre Tusvik

OLAV H. HAUGE PÅ TYSK



Liebe Freunde der Edition Rugerup,

nach der Veröffentlichung der »Gesammelte Gedichte« von Olav H. Hauge ist jetzt in der Edition Rugerup der große Band »Mein Leben war Traum. Aus den Tagebüchern 1924-1994« erschienen. Der Norweger Olav H. Hauge wurde 1908 in Ulvik am Hardangerfjord geboren. Er lernte Gärtner und betrieb später Obstgartenbau auf dem Hof, den er von seinen Eltern geerbt hatte. Vor allem aber wollte er Dichter sein, eine Profession, die er sich selbst lehrte. Auch trat er als Übersetzer von Lyrik aus dem Amerikanischen, Englischen, Französischen und Deutschen hervor. Olav H. Hauge gilt als einer der bedeutendsten norwegischen Dichter des 20. Jahrhunderts. Sein Tagebuch umfaßt einen Zeitraum von 70 Jahren. 1994 starb Hauge in Ulvik, wo er sein ganzes Leben verbracht hatte.

Der Rhythmus ist ein Fluß. Du kannst mit dem Boot abstoßen und dich von der Strömung treiben lassen. Ohne Rhythmus dichten zu wollen ist wie eine Segeltour in einem trockenen Flußbett.

Wie immer freuen wir uns, wenn Sie das Buch direkt beim Verlag bestellen.

Olav H. Hauge: Mein Leben war Traum. Aus den Tagebüchern 1924-1994

Übersetzt und mit einem Nachwort versehen von Klaus Anders

248 Seiten, 24,90 Euro

ISBN 978-3-942955-43-0

For dykk som ikkje er så støe i tysk, kan vi kort oppsummera at *Dikt i samling* og utdrag frå *Dagbok 1924-1994* no er omsette til tysk. Klaus Anders, som tidlegare har omsett og gitt ut dikt av Hauge på tysk, har saman med Bodil Cappelen valt ut dagbokstykke som er med i den tyske utgåva. Klaus Anders skal vera ein svært dugande omsetjar, i følge Idar Stegane, som har samarbeidd med han tidlegare.

VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

1. Namnet på laget er «Venelaget Olav H. Hauge».
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad. Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst to nummer.
5. Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga.
Det skal veljast varamedlem for denne. Styret vel denne internt.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem.
Det skal veljast to varafolk. Leiaren og styremedlemmene er på val kvart årsmøte.
Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.
7. Årsmøtet vert halde i samband med «Ulvik Poesifest». Årsmøtet skal kunnjeras minst ein månad på førehand. I innkallinga får medlemmene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet.
Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn (revisor) etter framlegg frå styret.
Vala er for to år.
8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemmene krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av Venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei framømte er samde om det. Framlegg til vedtektsendring skal sendast skriftleg til alle medlemmer minst 1 mnd før årsmøtet. Alle medlemmer har høve til å senda inn skriftlege merknader som vert lesne opp for årsmøtedeltakarane. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til Haugesenteret i Ulvik, starta i 2011.

Samrøystes vedteke på skipingsmøtet 21.8.1999 i Elvatun, Ulvik.

Endra på årsmøtet 06. september 2014 i Elvatun, Ulvik.

Svarhe Krossar
i kvite sajo
lister: regnet grønt

Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2014–2016

På årsmøtet i Ulvik 6. september 2014 vart dette styret valt:

- Leiar: Randi Jåstad, Norheimsund
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss
- Styremedlem: Bjørn Finne, Granvin
- Styremedlem: Eivind Bergo, Bergen
- Varamedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
- Varamedlem: Terje Hjartnes, Ulvik

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller randijaa@gmail.com

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Randi Jåstad
Vikøyvegen 386
5600 Norheimsund
Tlf: 915 23 146

Redaktør for medlemsheftet:
Audun Lødemel

Funder de klakkene
Olav H. Hauge